



HAREID KOMMUNE

# **ØKONOMI- OG HANDLINGSPLAN 2020-2023**

**Vedlegg 1:  
Tilråding og vedtak**

## Kommunestyret sitt vedtak

Kommunestyret vedtek økonomi- og handlingsprogram 2020 - 2023 slik det ligg føre med saksvedlegg med følgende endringar:

Investeringar

Nokre av investeringane vil ikkje gi driftspåverknad før 2. halvår og andre ikkje før 2021. Vi trur samla berekna driftseffekt for 2020 er realistisk. Den samla driftseffekten på investeringane vil verte kr 572' lågare enn i rådmannen sitt forslag

Driftstiltak

I driftstiltaka har vi sett både på inntekter og utgifter. I vårt forslag ligg det samla kr 1204' i mindre belastning på drifta enn i rådmannen sitt forslag.

Inntekter.

For inntektssida har vi redusert auken i eigedomsskatt frå 1 promille til 0,5 promille og sett av kr 205' til fond.

Utgifter.

Verbalpunkt:

Hareid kommunestyre bed rådmannen greie ut ei sak om månedlege avdrag for eigedomsskatt og andre kommunale avgifter.

Sektoren for læring og kultur leverer alle lovpålagde tenester inkludert gratis leirskule. Kostnad til transport og overnatting må takast innanfor eksisterande ramme

Kommunestyret ønskjer at miljø- og helsefremjande tiltak med frukost på HUS skal halde fram i ei eller anna praktisk ordning. Tiltaket har fått ungdomane opp om morgonen og klare for skuledagen på ein forbilledleg måte.

Ny parkeringsplass ved helsehuset må inn i ramma for 2020, men vil gi liten eller ingen påverknad på drifta i 2020.

Det skal kablast og etablerast trådlaust internett på sjukeheimen og Hadartun i samband med tiltaket «signalanlegg på Hadartun» Dette medfører ikkje auke i kostnadane.

Investeringsramma og totalt budsjetert låneopptak skal over-

haldst. Dersom det er mindre endringar på enkeltprosjekt kan Rådmannen vurdere flytting av midlar mellom vedtekne prosjekt. Forutsetninga er at vedtekne investeringar og vedlikehald blir gjennomførde som planlagt. Slike endringar skal rapporterast til formanskapet.

Framdrifta for dei vedtekne tiltak/investeringar og planlagt vedlikehald skal rapporterast i kvart formannskapsmøte.

Vi har mykje overtid i kommuna, for nærare 2 mill, i år. Denne blir tatt ned til maks 1 mill. Overtid skal kun brukast i kommuna framover i stillingar der det er heilt nødvendig for innbyggjarane sitt ve og vel. Ellers må jobbane gjerast innan for ordinær arbtid.

Vi ynskjer ytterlegare kutt i konsulenttenester, dette gjeld i heile organisasjonen og ikkje berre på samfunnsutvikling. Alle leiarstillingar er satt i systemet vårt no og intern kompetanseheving for å utføre arbeidet i saker må prioriterast godt.

Kommunestyret ber adminstrasjonen legge fram ei sak om etablering av kommunalt eigedomsselskap.

Vi ynskjer at vi snarast får opp sak på havbasert industri (oppdrett) med tanke på framtidige inntekter frå slik industri og havbruksfond, men dog plassert i områder som har minst belastning for innbyggjarane våre. Vi har lange kyststriper utan busetnad som her kan nyttast.

Vi ynskjer at det blir sett på konkurranseutsetting av pensjon. Austevoll kommune m.fl har spart store summar på dette, fordi dei slepp å skyte inn millionar i eigenkapital til KLP, for Austevoll kommune som er på same storleik som oss så er det snakk om i alle fall 500 i året i reduserte utgifter.

Høgt fokus på redusert sjukefråver og eit mål om reduksjon i den neste fireårsperioden. Den nye IA-avtalen inneber ei stor satsing på reduksjon i langtidssjukefråver og i avklaringar der det er gjen tatt sjukefråver over tid, gjennom den nye ordninga som heiter Eksperthjelp – der AG kan søke om inntil 20 000 pr sak for å få avklaringar som er gode for den ansatte og AG. Der ligg 50 millionar i potten og ordninga er i gong, det er berre å søke. I tillegg er det på gong bransjeprogram for både barnehagar og pleie/omsorg i avtalen for å få sjukefråveret ytterlegare ned i desse sektorane – og her har vi potensiale. Samarbeid med Arbeidslivssentra og BHT er viktig for å lykkast her. (Færre tilsette vil også direkte gi mindre utgifter til sjukeløn).

Vi ynskjer ikkje kutt i drifta av Helsestasjonen og den forebyggen-

de satsinga dei jobbar med.

## Kommunestyret si handsaming

Kjetil Nasset (Foha) la fram eit felles endringsframlegg til formannskapet si innstilling til budsjett og økonomiplan frå Ap, Foha, Krf og Venstre:

\*\*\*\*\*

Budsjett for 2020

Endringsforslag frå AP, FOHAR, KRF og V

Hareid kommune 12.12.2019

Innleiing

Rådmannen har lagt fram eit godt og gjennomarbeidd budsjett og handlingsprogram for 2020 til 2023. I rådmannen sitt forslag er det lagt opp til ei betydeleg innstramming og omlegging til ei meir effektiv drift samstundes som dei lovpålagde oppgåvene er ivaretekne.

I dette fellesframlegget har vi stramma inn litt meir enn rådmannen og omprioritert både på driftstiltak og investeringar. Vi har vidare sett på område der det med ekstra innsats er grunnlag for å forvente betydeleg høgare inntekter enn det rådmannen har lagt opp til. Dette er ekstra inntekter på sal av tenester og utleige av fast eigedom og vil ikkje ramme innbyggjarane.

Målet vårt er å effektivisere drifta samstundes som vi tek vare på det vi har og legg til rette for auka vekst og inntekter til kommunen. Vi har auka ramma for vedlikehald betydeleg og lagt inn nokre tenestetiltak som vi meiner er viktige.

Målet vårt har vore å legge fram eit budsjett utan auke i eigedomsskatten. Dette har vi dessverre ikkje lukkast med. Frå sentralt hald er grunnlaget for skatteberekninga redusert frå 80 til 70%. Det betyr ein reduksjon på om lag kr 1 mill. i inntekter for kommunen med satsen vi har i dag. Ein auke i eigedomsskatten på 0,5 promille som vi her føreslår vil berre i lita grad auke skatteinngangen til kommunen, og dermed representere ein minimal auke for innbyggjarane våre.

I budsjettframlegget til rådmannen er det lagt opp til innsparingar som inneber at vi må redusere talet på årsverk med om lag 15. Dette er eit betydeleg grep og vi trur ikkje det er mogeleg eller forsvarleg å kutte meir i 2020. Effektiviseringa må likevel fortsette og ein må i 2020 ha fokus på ytterlegare effektivisering med verknad for dei neste åra.

Vi har dessverre ikkje funne rom for å kunne sette av tilstrekkeleg på fond – berre vel kr 200' – men meiner det må vere nok i den omstillingsprosessen ein no startar. Målet vårt er å få starta ein reduksjon av eigedomsskatten i løpet av dei neste åra samstundes som vi gir gode tenester og legg til rette for vidare utvikling av kommunen.

#### Investeringar

Nokre av investeringane vil ikkje gi driftspåverknad før 2. halvår og andre ikkje før 2021. Vi trur samla berekna driftseffekt for 2020 er realistisk. Den samla driftseffekten på investeringane vil verte kr 572' lågare enn i rådmannen sitt forslag

#### Driftstiltak

I driftstiltaka har vi sett både på inntekter og utgifter. I vårt forslag ligg det samla kr 1204' i mindre belastning på drifta enn i rådmannen sitt forslag.

#### Inntekter.

For inntektssida har vi redusert auken i eigedomsskatt frå 1 promille til 0,5 promille og sett av kr 205' til fond.

#### Utgifter.

#### Verbalpunkt.

Hareid kommunestyre bed rådmannen greie ut ei sak om månadslege avdrag for eigedomsskatt og andre kommunale avgifter.

Sektoren for læring og kultur leverer alle lovpålagde tenester inkludert gratis leirskule. Kostnad til transport og overnatting må takast innanfor eksisterande ramme

Kommunestyret ønskjer at miljø- og helsefremjande tiltak med frukost på HUS skal halde fram i ei eller anna praktisk ordning. Tiltaket har fått ungdomane opp om morgonen og klare for skuledagen på ein forbilledleg måte.

Ny parkeringsplass ved helsehuset må inn i ramma for 2020, men vil gi liten eller ingen påverknad på drifta i 2020.

Det skal kablast og etablerast trådlaust internett på sjukeheimen og Hadartun i samband med tiltaket «signalanlegg på Hadartun» Dette medfører ikkje auke i kostnadane.

Investeringsramma og totalt budsjetert låneopptak skal overhaldst. Dersom det er mindre endringar på enkeltprosjekt kan Rådmannen vurdere flytting av midlar mellom vedtekne prosjekt. Forutsetninga er at vedtekne investeringar og vedlikehald blir gjennomførde som planlagt. Slike endringar skal rapporterast til formanskapet.

Framdrifta for dei vedtekne tiltak/investeringar og planlagt vedlike-  
hald skal rapporterast i kvart formannskapsmøte.

Generelt.

Budsjettet for 2020 er svært stramt og det skal små overraskin-  
gar til for at ein går på ein sprekk. Alle inntekter henta frå «Grønt  
hefte» er lagt inn med maksimal effekt og det er ingen buffer. Det  
er derfor nødvendig med tett og nøye kontroll gjennom året.

Ut frå den økonomiske situasjonen ser vi at ein kanskje burde ha  
auka eignedoms-skatten med 1 promille og sett om lag 1500' meir  
på fond for å ha litt meir å gå på. Vi meiner likevel at signalet som  
ligg i å ikkje gjere det er viktig. Drifta må effektiviserast og tilpas-  
sast inntektene. Vi vil arbeide hardt for å unngå ytterlegare auke  
i åra som kjem, men basert på dei tala som ligg føre finn vi det  
likevel rett å gjere merksam på at dette kan bli vanskeleg.

Ragnhild Nedrelid Kristian Fuglseth Hallvard Sæverud Annika  
Brandal

Gruppeleiar, AP Gruppeleiar, FOHAR Gruppeleiar, KRF Gruppe-  
leiar, V

\*\*\*\*\*

Oskar Grimstad (Frp) la fram eit endringsframlegg frå Frp og  
Høgre til formannskapet si innstilling til budsjett:

Framlagt driftsbudsjett fra rådmannen med følgende endringer:-  
Driftsbudsjett må reduseres med 0,75 % med følgende reduksjon  
2020Red ramme Administrasjon: 143.000,-Red ramme Læring/  
kultur :1.046.000,-Red ramme Velferd : 883.000,-Red ramme  
Samfunnsutv : 309.000,-Sum red utgift driftkr 2.381.000,-Red  
renteutgr 209.000,-Sum red kostnader driftkr 2.590.000,-  
(2.132.000,- eiendomskatt)

Oskar Grimstad ba om gruppemøte.

Det blei heldt gruppemøte frå 1650-1715.

Berte Holstad Engen (H) la fram eit fellesframlegg med verbal-  
punkt frå frå Frp og Høgre.

Hege Holstad får permisjon og trer frå møtet

Jeyuran Vijaya-  
ratnam kjem til møtet.

Berte Holstad Engen trakk kulepunkt om rammekutt på dei inter-  
kommunale selskapa.

Det blei røysta alternativt over formannskapet si innstilling med  
endringane frå høvesvis Høgre/Frp opp mot framlegget frå Foha,  
Ap, KrF og Venstre.

Endringsframlegget frå Foha, Ap, KrF og Venstre fekk 12 røyster (Ap, V, KrF, Foha) og blei vedteke.

Verbalpunkta frå frå Foha, Ap, KrF og Venstre blei samrøystes vedteke.

Det blei så røysta over verbalforslaga frå Høgre og Frp punkt for punkt.

- Nedlegging av Hareid Barnehage – vil gi reduksjonar på investeringsbudsjett, drift og

Vedlikehald

- Fekk ni røyster (Frp+H) og fall.

- Vi har mykje overtid i kommuna, for nærare 2 mill, i år. Denne blir tatt ned til maks 1 mill.

Overtid skal kun brukast i kommuna framover i stillingar der det er heilt nødvendig for innbyggjarane sitt ve og vel. Ellers må jobbane gjerast innan for ordinær arbtid.

- Fekk 11 røyster (Frp, Høgre + Kjetil Nasset (Foha) og Ranja Dimmen Alme (Foha) og blei vedteke

- Utsette auke i reinhaldsstilling fordi behovet er noko utsett.

(Blei ikkje røysta over då innhaldet var omfatta av budsjettframlegget til koalisjonen)

- Salg av tomta til Hareid Barnehage – overskuddet skal på fond

(Blei ikkje røysta over då forslaget om å leggje ned Hareid barnehage fall)

- Vi ynskjer ytterlegare kutt i konsulenttenester, dette gjeld i heile organisasjonen og ikkje berre på samfunnsutvikling. Alle leiarstillingar er satt i systemet vårt no og intern kompetanseheving for å utføre arbeidet i saker må prioriterast godt.

- Samrøystes vedteke

- Kommunestyret ber administrasjonen legge fram ei sak om etablering av kommunalt eigedomsselskap.

- Samrøystes vedteke

- Vi ynskjer ein klar reduksjon i administrative stillingar i kommuna – utfrå dei tal vi tidlegare har presentert og at vi skal klare å halde rammene i forslaget vårt

- Fekk ni røyster (Frp og H) fall

- Vi ynskjer at det blir ein klar reduksjon i antalet flyktningar vi tek i mot, med inntaksstopp dei neste tre åra.

- Fekk 10 røyster (Frp, H og Thor Ove Rekdal Nedreid (V) og fall

- Vi ynskjer at kai ved Dimo blir oppgradert for å kunne få framtidige leigeinntekter på denne.

(Blei ikkje røysta over då innhaldet var omfatta av budsjettframlegget til koalisjonen)

- Vi ynskjer at vi snarast får opp sak på havbasert industri (oppdrett) med tanke på framtidige inntekter frå slik industri og havbruksfond, men dog plassert i områder som har minst belastning for innbyggjarane våre. Vi har lange kyststriper utan busetnad som her kan nyttast.

- Fekk 19 røyster og blei vedteke (mot Kristian Fuglseth og Ranja Dimmen Alme, begge Foha)

- Vi ynskjer at det blir sett på konkurranseutsetting av pensjon. Austevoll kommune m.fl har spart store summer på dette, fordi dei slepp å skyte inn millionar i eigenkapital til KLP, for Austevoll kommune som er på same storleik som oss så er det snakk om i alle fall 500 i året i reduserte utgifter.

- Fekk 16 røyster og blei vedteke (mot: Ap, KrF og Kristian Fuglseth (Foha))

- Vi ynskjer at Hareid kommune skal søke om å vere ei av dei kommunene som søker om prosjektet statlig finansiert eldreomsorg – søknadsfrist 1.feb. Her ligg det ikkje pengar for 2020 men frå 2021 samt store moglegheiter til kompetanseheving og nye erfaringar som vi kan ta med i vidare arbeid i kommuna.

- Fekk 9 røyster (Frp+H) og fall

- Høgt fokus på redusert sjukefråver og eit mål om reduksjon i den neste fireårsperioden. Den nye IA-avtalen inneber ei stor satsing på reduksjon i langtidssjukefråver og i avklaringar der det er gjentatt sjukefråver over tid, gjennom den nye ordninga som heiter Eksperthjelp – der AG kan søke om inntil 20 000 pr sak for å få avklaringar som er gode for den ansatte og AG. Der ligg 50 millionar i potten og ordninga er i gong, det er berre å søke. I tillegg er det på gong bransjeprogram for både barnehagar og pleie/omsorg i avtalen for å få sjukefråveret ytterlegare ned i desse sektorane – og her har vi potensiale. Samarbeid med Arbeidslivssentra og BHT er viktig for å lykkast her. (Færre tilsette vil også direkte gi mindre



utgifter til sjukeløn).

- Samrøystes vedteke

- Vi ynskjer ikkje kutt i drifta av Helsestasjonen og den forebyggande satsinga dei jobbar med.

- Samrøystes vedteke

Til slutt blei det røysta over det vedteke budsjettet som heilskap. Det fekk 14 røyster (Foha, Ap, KrF, V og H) og blei vedteke.

# Formannskapet

## Formannskapet si innstilling

Formannskapet innstiller på at  
Kommunestyret vedtek økonomi- og handlingsprogram  
2020 - 2023 slik det ligg føre med saksvedlegg.

*Innstilling i sak 162/19 25. november 2019*

## Formannskapet si handsaming:

Pause 25 min før sak 162/19.  
Rådmannen si tilråding vedteke mot ei røyst  
(Oskar Grimstad, Frp)

# Rådmannen

## Rådmannen si tilråding

**Kommunestyret vedtek økonomi- og handlingsprogram 2020 - 2023 slik det ligg føre med saksvedlegg.**

## Rådmannen sitt saksframlegg

### Samandrag:

Rådmannen legg fram budsjett- og økonomiplan for dei neste fire åra. Dette er år som Hareid kommune må bruke til å effektivisere drifta, samstundes som ein sørger for å legge grunnlaget for bygge morgondagens kommune.

### Saksopplysningar:

Arbeidet med budsjettet og økonomiplanen 2020-2023 har vore krevjande. Rådmannen si leiargruppe har brukt mykje tid på arbeidet med å sy i hop eit budsjett i balanse. Det er prioritert å få inn dei tiltaka/vedtaka som alt er starta opp, eller heng saman som følgje av rekkefølgjekrav, eller vert vurdert som MÅ-tiltak ut frå ei fagleg vurdering. Ein har heile tida hatt i tankane at det er viktig å prioritere tiltak som vil bidra til vekst og utvikling i bygda, i budsjettarbeidet.

Hareid kommune må ned på eit lågare driftsnivå. Det er snakk om 15 millionar kroner i løpet handlingsplanperioden. Årsaka til den stramme økonomien er samansett. Mest betydning har store sentrale lønsoppgjjer, kostnadskrevjande bemanningsnormer i skule og barnehage og auka utgifter til rente og avdrag frå investeringsbudsjettet. Ein liten del kjem av auke i stillingar, ingen av desse til administrasjon, litt til samfunnsutvikling og noko til velferd. Veksten i overføringar frå staten dekkjer ikkje den store kostnadsauken.

### Vurdering og konklusjon:

Det er ei rekkje tiltak som gjerne skulle vore prioritert, men den økonomiske situasjonen er slik at ein no må prioritere å få ei drift som er bærekraftig. Det er viktig å kome ned på eit realistisk driftsnivå så snart som råd så ein slepp ein ny lang periode på konstant sparebluss.

Hareid kommune er i ein omstillingsprosess. I rekneskapen for 2019 er det budsjettert med bruk av disposisjonsfond på i alt kr 8,5 mill. Med det er disposisjonsfondet nesten oppbrukt, og ein har ikkje lenger fond som kan ta driftsmessige variasjonar. Dette stiller store krav til budsjett disiplin og til at dei skisserte innsparin-

gane vert gjennomførte som budsjettet.

I arbeidet har ein både auka budsjetterte forventa inntekter, og ein har føreteke nedskjeringar på kostnadssida. Trass i store kutt har ein ikkje kome i mål utan å auke den lite populære eigedomsskatten.

Dei siste innsparingane for å få budsjettet i balanse er lagt inn på sentraladministrasjonen og sektorane etter ei skjønnmessig vurdering etter rammefordeling og kva som kan vere praktisk mulig å gjennomføre. Administrasjonen vil arbeide fortøpande med dette slik det er skildra i budsjettdokumentet.

Likestillingsmessige sider ved saka: ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa: ein må søke å unngå dette, men endring skaper ofte usikkerheit

Miljøkonsekvensar: ingen kjende

Økonomiske konsekvensar: omtalt i vedlegga

Beredskapsmessige konsekvensar: ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge: ingen kjende

Ragnhild Velsvik Berge  
Rådmann

Bjørnar Haddal  
Økonomileiar

